

---

**Fra:** Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>  
**Sendt:** onsdag 7. februar 2018 14.55  
**Til:** 'Håkon Zakariassen'  
**Kopi:** Jon Askeland; Jarle Landås; Rolf Raknes; Tonje Nepstad Epland; Lisbeth Toppe Alvær; Arthur Kleiveland; Christel Villanger Håland; Leif Gunnar Taule; Morgan Taule; Liv Berit Rath; Dag Sætre; May Britt Vågenes Gjerde; Roy Bø; fmhopostmottak@fylkesmannen.no; Postmottak Radøy  
**Emne:** Fløholmen. PLT sak 009/2018  
**Vedlegg:** Plansak - GnrBnr 2712 Kvalheim øvreFløholmen - konseptskisse og mogleg ny plan (L)(157184) - møtebok.pdf; Plansak - gbnr 2712 Kvalheim øvre - konseptskisse og mogleg ny plansak - meldi (L)(157592)(1).pdf

Hei Håkon

Vedlagt vidaresender eg brev og møtebok motteke i 7. februar 2018 via Altinn.

Møteboka inneheld ei lang utgreiing forfatta i møtet i PLT den 24. januar 2018 : «.....Hovudutvalet vedtok felles framlegg til vedtak sett fram i møtet.....».

Det framgår ikkje av møteboka kvar det felles framlegget kom frå, og korleis røystene fordelte seg.

PLT slær fast :

*.....Frå det tidspunkt det er gjort vedtak om offentleg ettersyn vert eit privat framlegg til reguleringsplan ein offentleg plan, og den vidare planprosessen er opp til kommunen som planstyresmakt. Mynde til å avslutte plansaken ligg hjå kommunen. Kommunen si avgjerd om å avslutta plansaka er ikkje gjenstand for klage, jf. plan- og bygningslova § 12-11.....*

Dette må då vera slik å forstå, at kommuneadministrasjonen, etter vedtaket om offentleg ettersyn, har overteke reguleringsplanframlegget frå Fløholmen AS som sin eigedom.

Eg sender kopi av denne meldinga til Fylkesmannen i Hordaland, med følgjande spørsmål : er dette korrekt lovtolking og god forvaltningsskikk ?

Frå PLT- vedtak (som etter kommunens følgeskriv likevel ikkje er eit vedtak) :

*.....Hovudutvalet er positivt til at det vert starta nytt arbeid med privat framlegg til reguleringsplan for Fløholmen i tråd med Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23.....*

Det føreliggjande planframlegget er – fullt ut - i tråd med Kommuneplan for Radøy kommune 2011 – 23.

Planframlegget kan naturlegvis repeterast i «ny prosess», som då – like naturleg - vil resultera i nytt likelydande vedtak i PLT.

Det er no snart gått 9 år sidan førehandskonferansen om småbåthamna, der representanten frå kommuneadministrasjonen stilte seg positiv at småbåthamna kunne omsøkjast som tiltak.

På kommunen sine nettsider finn ein følgjande under «Politisk styring»:

*.....Radøy kommune har i tillegg eitt hovudutval for saker relatert til plan, landbruk og teknisk (PLT). Hovudutval for plan, landbruk og teknisk handsama og gjera vedtak eller gi innstilling til kommunestyret i saker som gjeld mellom anna vatn, avløp, renovasjon, byggesaker, landbruk og miljøvern.....[Arthur Kleiveland](#) er politisk sekretær for*

formannskapet og kommunestyret. [Tove Pedersen Sylta](#) er sekretær for hovudutval for plan, næring og teknisk.....

Plan- og bygningslova § 3-3 andre ledd :

.....[Kommunestyret selv](#) har ledelsen av den kommunale planleggingen og skal sørge for at plan- og bygningslovgivningen følges i kommunen. Kommunestyret skal vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan. Kommunen organiserer arbeidet med den kommunale planleggingen etter kapittel 10 til 12 og oppretter de utvalg og treffer de tiltak som finnes nødvendig for gjennomføring av planleggingen.....

Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg. 7B  
5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55 59 82 62  
mob 907 88 921